

Volda idrettsråd
Kleppevegen 25
6102 Volda

Volda kommune
v/fagansvarleg plan Per Heltne

Innselt til sak om kommunal prioritering av spelemiddelsøknader (arkivsak 2018/2078)

Volda idrettsråd har drøfta og stør saksframstillinga rådmannen legg fram for forvaltningsutalet. Det er viktig at prioriteringa samsvarar med ferdigstilling av anlegga, slik at prioriteringa kan måtte endrast på sikt i samsvar med gjennomføringsevna til dei som driv fram dei ulike tiltaka. Det er også viktig for idretten at kommunen held fram med å støtte opp gjennom å gje kommunale garantiar for opptak av lån og forskottene spelemiddelutbetalingar.

Volda idrettsråd er uroa over at framdrifta med tanke på at planlegging av symjeanlegg enno ikkje er komen så langt at dette prosjektet kan vere med på prioriteringslista i denne omgongen. Vi er kjende med at det ikkje er lengje til drifta av bassenget i idrettsbygget vert avvikla, og utan konkrete planar og framdrift på noverande tidspunkt vil det få store konsekvensar både for idretten og kommunen. I tillegg til auka kommunale kostnader for å få gjennomført forskriftsfesta opplæring, er det nærliggjande å argumentere med at ein utan eit bassengtilbod bryt med kommuneplanen sin samfunnsdel på fleire punkt. Eit tilgjengeleg basseng er eit viktig folkehelsetiltak og trening/aktivitet i basseng er velegna for deler av innbyggjarane som av helsemessige årsaker har utfordringar med å vere aktive på mange andre arenaer. God symjeopplæring og høve til å vidareutvikle og vedlikehalde symjedugleik er også viktig for innbyggjarane i Volda med tanke på å førebyggje ma drukningulukker. I tillegg vert ein idrett som arbeider godt og har stolte tradisjonar i Volda avvikla dersom det ikkje fins teneleg arena til trening, opplæring og konkurranse.

Volda 09.01.19

Olav Fure
Leiar, Volda idrettsråd